NÆRINGSBASTIONANE

Ein bastion for optimisme

Norsk landbruk i nyare tids tøffaste motbakke har satsa stort på eit framtidsretta meierianlegg på Byrkjelo. Landets største meieri er realisert i Breim, og vart i går opna av den øvste leiar for norsk landbruks framtid: landbruksminister Lars Sponheim.

Av Bjarte Øvrebø

Se større bilde

20 km med rustfrie rør og ei frisk industrisatsing i motvind på Vestlandet gjorde intrykk på landbruksministeren. Foto: Bjarte Øvrebø

Han takka nei til paraply, landbruksministeren, og let heller regndropane i håret vere symbol på ei lykkeleg framtid.

– For denne satsinga som de her er gjort, har skapt ein bastion som eit stort område vil trekkje vekslar på. Satsinga viser at det er ei framtid for mjølkeprodusenten her omkring og at det er mange som verkeleg trur dette. Men like viktig er det å hugse alle dei som får sin arbeidsplass her. Dei mange dyktige fagfolka som meistrar å få kvalitetsprodukt av kvalitetsmjølk, sa ministeren.

Norsk mjølk til nordmenn

– Det er vanskeleg å spå i framtid, men eg er heilt sikker på at her vil det vere drift også om fleire ti-år fram i tid. Mjølka er eit produkt som forbrukar over heile verda insisterer på skal vere produsert i eige land. Hos oss har vi internasjonal konkurranse på ost. Likevel er den norske osten mest einerådande i marknaden vår, sa Sponheim.

Den spenstige satsinga med å byggje eit nytt meieri frå grunnen av var gjennomgangstonen frå den lange rekkja med gratulantar.

Det var berre få røysters overvekt som gav Byrkjelo siger framfor Skei då konsumanlegget vart bestemt bygt i 1995. I dag er det lagt 204 millionar til inn i bygningar og produksjonsutstyr og 12,3 dekar av den 35 dekar store industritomta er komme under tak.

Rett satsing

Nokon enkel veg fram til dagen i dag har det ikkje vore for dette meierianlegget. Mange Tine-tilsette har også fått snudd kvardagen sin på hovudet i prosessen med byggje fire meieri saman til eitt. Likevel er det få som no lenger meiner det var ei feilsatsing å realisere dette stormeieriet.

– Også for 100 år sidan stod Byrkjelo i fokus med eit stormeieri. Meieribygginga i 1897 gav gjenklang vide omkring og var viktig for dei mange bygdelag som stod i startgropa med å realisere sine meieri, sa konsernsjef i Tine Jan Ove Holmen. I 1910 ver det 79 meierianlegg i fylket Berre 15 av desse var att i -73 og no altså berre to.

Sentral medstyring

– Eg kunne stått her og smilt breitt i alle mine tilmåte fem minuttar. Det hadde sagt det meste av det eg føler nett no, sa Svein Førde. Han er hovudtillitsvald i Tine Vest og har med seg innsida av prosessen frå idé til realisering.

Ikkje alle epokar i den prosessen har vore like lystige, og det var heller ikkje like lett å sitje på skjerma informasjon i heksegryta med taktiske grep og strategiske vedtak.

Styreleiar i Tine-konsernet Jostein Frøyland hadde sjølv ein viktig finger med i spelet då Vestlandsmeieriet i realiteten vart parkert i prosessen på årsmøtet i Tine Vest i Loen i 2000. Det stadfestar han over for Firda. Det var streke krefter i Vestlandsmeieriet kjempa bitter mot stormeieriet.

– Men det var ikkje noko personleg initiativ. Då heller ei sentral medstyring for å komme vidare i prosessen, seier han.

http://www.firda.no/nyhende/article697893.ece

– Byrkjelo-anlegget er flaggskip i Tine-konsernet

Jan Nik. Hansen, 10.11.08

Gloppen: Styreleiar i Tine Meieriet Vest, Jan Ove Tryggestad, er svært stolt over Byrkjelo-anlegget. – Det er flaggskipet i heile Tine-systemet, seier han og karakteriserer utviklinga som eit industrieventyr.

– Det som er skjedd på Byrkjelo, er på mange måtar eit industripolitisk eventyr, seier Tryggestad. Vedtaket om å byggje meieriet sat langt inne og bygde på ei rekkje føresetnader. Det starta med konsumtapping som eit anlegg i Sogn og Fjordane Meieri. Sidan er det fusjonert både nord- og sørover, og anlegget er bygd ut gong etter gong. No handterer anlegget 100 mill. liter mjølk årleg og produserer både kvit- og brunost i tillegg til konsumtappinga.
– I dag ser vi at føresetnadene vi la til grunn har slått til, seier Tryggestad.

Anlegget på Byrkjelo er eit flaggskip i Tine.

Det var m.a. reist spørsmål ved evna til å produsere i store volum og samtidig oppretthalde skikkeleg kvalitet.
– Det gjer vi. I skrivande stund er vi heilt i landstoppen, både på konsum og ost, slår Tryggestad fast. Han gjev æra til dyktige fagfolk og eit godt råstoff.
– Det er ein kombinasjon som gjev resultat. Tine Byrkjelo presterer i dag betre enn forventa. Vi produserer til lågare kostnad enn det vi la til grunn og tenar meir enn rekna med. Det kjem av at vi greier å utnytte teknologien, seier Tryggestad. Han slår fast at Tine Byrkjelo er ei svært viktig bedrift i Tine.
– For det første på grunn av det store volumet og for det andre på grunn av kvaliteten. Det betyr at vi skapar eit solid overskot til fellesskapet, seier han.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=5089

Vil at fleire skal satse på storfe og kjøtproduksjon

Av Heidi Ravnestad, **25.09.07**

– Det er all grunn til optimisme, for økonomien i oksekjøt er betre enn den har vore på lenge, meiner Karl Vie i Nortura. Torsdag inviterte dei bønder frå fire kommunar til opning av det nye kalvefjøset på Fløtre.

Mellom sytti og åtti storfebønder frå Gloppen, Jølster, Stryn og Eid hadde møtt fram for å sjå den nye kalvefjøsen på Fløtre i Breim. Nortura, som er namnet på fusjonen mellom Gilde og Prior, var initiativtakar til opningsfesten, medan Jan Erik Fløtre og familien tok godt i mot gjestane og viste fram garden og det nye fjøset.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=3843

Kalvefjøsen rommar på det meste 160 dyr, som blir fora fram til ei slaktevekt på om lag 300 kilo.

Møkalukt berre ekkelt? Ikkje no lenger...

Av Svein Heggheim
Publisert 25.09.2008 - 07:46 Oppdatert 25.09.2008 - 07:54
Biogjødsel

- 60 mjølkekyr leverer rundt 1000 kubikkmeter gjødsel.
- Gjødselen produserer klimagassane Co2- og metangass og gir 800 000 kwH energi. Om ein tilfører 500 tonn fiskeavfall aukar produksjonen med 400 000 kwH.
- I norske gjødselkjellarar blir det produsert biogass til å produsere mellom 9 og 10 twH. Det dekkjer energibehovet til 535 000 husstandar, og svarar til tre Kårstø-anlegg.
- Førre veke inviterte Felde Fellesfjøs Biowaz og bønder til informasjonsmøte i Breim.

Breimsbønder vurderer å byggje biogassanlegg i gjødsellager. Den velkjende «breimslukta» kan med andre ord gjere langt meir nytte for seg enn den gjer i dag.

viss reknestykka fell heldig ut, kan møkalukta frå gjødsellageret til Felde Fellesfjøs bli omskapt til varme og elektrisk straum, skriv Firda torsdag.

Kan få ny dimensjon

– Vi er i ein søkjande fase, men registrerer at bønder med røynsle frå kraftbransjen meiner dette kan vere interessant, seier ein av aktørane i Felde samdrift, Per Asbjørn Felde.

Både han og medeigarane Anders Felde og Mary-Ann Felde er først og fremst søkjande, men konstaterer at møka frå dei 76 mjølkekyrne og 250 slaktedyra i Felde Fellesfjøs kan få ein ny dimensjon. Ny teknologi opnar for at gassane kan omformast til energi, og det med ein prislapp som gjer det interessant.

http://www.firda.no/nyhende/landbruk-havbruk/article3807963.ece

Oversyn samdriftar henta herifrå:

http://mino.no/Default.asp?Search=&Zip=6827&City=Breim&Area=

Mange vil ha luksusbilar frå Gloppen

Firda 06.09.2006 – artikkel basert på stor auke i omsetning frå 2004 till 2005:

Hetle Auto AS på Reed selde 220 bilar og dobla omsetnaden i fjor. -Optimisme og gode tider gjer at folk kjøper dyrare bilar, forklarer Ivar Hetle.

Se større bilde
REKORD: Etter nesten 20 år i bransjen selde Ivar Hetle og hans medarbeidarar bilar for over 60 millionar kroner i fjor. Dei sat igjen med ei overskot før skatt på 4,5 millionar. Foto: Svien Heggheim

… Forklaringa på den store auken er også at selskapet har dobla staben, til to seljarar og to klargjerarar. For to år sidan kom jølstringen Frode Svidal frå Hukset i Førde og vart likeverdig eigar med grunnleggjar Ivar Hetle i eit nyskipa driftsselskap.

Svidal er dagleg leiar og seljar saman med Hetle.

Sistnemnde har selt bilar på Reed sidan 1988. Den sentrale plasseringa heilt inntil E39 er eit aktivum for forhandlaren, men dei siste åra har Internett blitt ein stadig viktigare kanal.

Internett viktig

-Mange brukar nettet svært aktivt, og i dag har vi kundar over heile landet. Spesielt når dei er ute etter bilar som kostar litt, så betyr ikkje avstand så mykje, seier Hetle.

http://www.firda.no/nyhende/toppsak_framside/article2276271.ece

Den positive utviklinga har halde fram, og statistikken over dei største bedriftene viser at Hetle Auto i 2007 var den 87. største bedrifta i Sogn og Fj med driftsinntekter på 68 millionar. Ein god gjenbruk av Nedre Breim Meieri!

http://www.norgesstorstebedrifter.no/fylkesliste/846/

Vil byggje opp fleire arbeidsplassar og gjere Breim til IT-senter

Av Heidi Ravnestad, **25.05.07**

Gloppen: – Vi vil behalde fokus som eit distriktsselskap, med sentrering rundt Reed senter,

seier Per Svein Reed og Atle Hauge. No vil det fusjonerte selskapet Intele byggje bustadområde på Reed.

Onsdag la det fusjonerte selskapet fram sine vidare planar for presse, investorar og andre interessentar. Fusjonen tek utgangspunkt i Atle Hauge sitt konsern Intele, som kjøper opp Eurofoto, Datasafe og Reed Foto, i bytte mot aksjar i Intele. Fusjonsprisen er sett til 84 millionar norske kroner.

– Vi skal vere i forkant av utviklinga, seier Per Svein Reed og Atle Hauge, gründerane bak det nye storkonsernet.

Felles fokus
– I denne prosessen var det ikkje pris, men vekting mellom selskapa som var viktig, seier Atle Hauge. Selskapet vil i fylgje eigarane omsetje for mellom 80 og 100 millionar i 2007, og ha om lag 60 tilsette.
– Det vi held på å utvikle er eit selskap som kan møte morgondagen, som definitivt er digital. Ved å fusjonere samlar vi område som er komplementære til kvarandre, og utnyttar synergieffekten, seier Per Svein Reed. Intelegruppa har i dag meir enn tjue eigenutvikla innhaldstenester innan mobilt innhald, eig og driftar auksjonsportalen gooba.no og har ei eigenutvikla webTV-platform. Desse mindre selskapa vil saman med Eurofoto, Datasafe og Reed Foto danne underavdelingar av moderselskapet Intele, ei samling som i fylgje eigarane vil gje inntening gjennom felles innkjøp, produksjon og kundehandtering, felles utviklingsavdeling og drift, og ei samordning av marknadsressursar.
– Med felles eigarar får vi felles fokus, og eit større samlokalisert teknisk miljø som gjer rekruttering og kompetanseheving lettare, meiner dei.
http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=3460

Fløtre og Veien ut av Reed Senter

Av Inger H. Aske Lothe, **12.01.08**

Gloppen: Roald Veien gjekk for halvanna år sidan inn på eigarsida i Reed Senter for å sikre at Eurofoto blei verande i Breim. Styreleiar Jon Bjørn Fløtre var også svært delaktig i denne prosessen. Idet eit nytt tilbygg står ferdig, sel den eine seg ut, medan den andre gjev seg som styreleiar.

Både Roald Veien og Jon Bjørn Fløtre er opptekne av å skape utvikling i heimbygda og tek gjerne eit tak for å få sett positive prosjekt i sving. Dei har også vore med på å leggje til rette for nye arbeidsplassar i Breim. Roald Veien har i grunn vore med i heile historia til Reed Senter, frå bygget vart oppført i 1988. Han var inne på eigarsida då Reed Senter vart etablert som mininæringshage.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=4151

Både Roald Veien og Jon Bjørn Fløtre har vore sterke bidragsytarar for å sikre at Eurofoto kunne bli verande i Breim. – Dei har gjort ein svært god jobb, og det er vi glade for, seier Rolf Kjetil Egge og Per Svein Reed.

Reed Foto si hektiske veke

Av Bjørn Grov, **30.07.08**

Det går bokstaveleg tala varmt føre seg for Reed Foto denne veka. I rekordvarme lagar dei foto i rekordtempo frå landets to største idrettsarrangement.

I langt over 30 grader vert 14.000 spelarar i Nordway Cup fotograferte og det vert laga 350.000 fotballkort som deltakarane får gratis, sponsinga står ein sportskjede for.

I Førde er verksemda også i sving under Landsskyttarstemnet med fire medarbeidarar.
- Her vert alle dei 5.500 skyttarane fotograferte ved våpenkontroll. Bileta vert så lagt ut på nett, og skyttarane kan sjå dei og tinge dei i fototeltet etterpå, seier Per Svein Reed.
Både på Erkebergsletta og i Førde er det avanserte tekniske opplegg som skal til for å få unna ein så stor jobb på så kort tid.
- Folka våre i Oslo og Førde, både dei faste og dei ekstra innleigde gjer ein fantastisk jobb. Det går verkeleg varmt føre seg, og det er ikkje minst krevjande i denne varmen. Men det er moro, og svært populært mellom deltakarane.

For mange småkraftverk

Sogn og Fjordane turlag er svært uroa over dei mange småkraftverka som er bygde eller er planlagde i Breimsvassdraget i Gloppen.

- *Linda Olin Reitelinda.olin.reite@nrk.no*

Publisert 20.10.2008 08:06.

Turlaget er spesielt kritisk til utbygginga av Tverrelva i Gloppen der NVE sa nei til kraftverkplanene, men Sogn og Fjordane energiproduksjon anka avgjerda til departementet.

- Vi er bekymra for at det blir for mange småkraftutbyggingar. Vi meiner ikkje det skal vere full stopp, men ein må vurdere dei einskilde prosjekta kritisk. Dei mest kontroversielle prosjekta må vi setje stopp for, seier Alvar Melvær i Sogn og Fjordane turlag.

Turlaget har talt opp 25 kraftverk som er bygde eller er konsesjonshandsama i Breimsområdet, og nemner i tillegg fleire planlagde kraftverk. Melvær meiner metningspunktet er nær.

- Det er rom for nokre få utbyggingar enno, men det er utbyggingsplanar som vi meiner bør stoppast, seier han.

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.6271327

Kraft-Gloppen

Av Bjørn Grov, 31.10.08

Dagens leiar: Når ein står midt opp i ting, er det ikkje alltid så lett å sjå dei historiske linjene. Men skal tru om ikkje det vi opplever i Gloppen i desse tider vil få store dimensjonar og mykje plass i ei eller anna framtidig bygdebok. Ja, kanskje blir det eit eige kapittel om då ein ny gullæra starta i kommunen. Vi snakkar om kraft, og denne gong om småkraft, som rett og slett er i ferd med å bli storkraft. Gloppen har vore i spiss og det store kraftsenteret heilt sidan elektrisiteten gjorde sitt inntog i fylket, og gav grunnlag for det velstandssamfunnet vi har i dag. Som vertskommune for Sogn og Fjordane Energi, har vi framleis denne posisjonen. No vert kraft-Gloppen utvida og styrka, for kommunen ligg heilt i spiss for utbygging av småkraft.

Berre dei siste vekene har vi vore med på opninga av Hjelle kraftverk på Byrkjelo, Jardøla i Bukta og no denne veka Skjerdalen kraft. Det alle eigarane seier, er at dette skal vere med å gje grunnlag for ei framtid for bruket, at nokon kan overta og bu der i nye generasjonar. I veglause Skjerdalen ville ein ganske sikkert ha snakka om avfolking. I staden vil ein no på garden skape fleire arbeidsplassar og store verdiar for samfunnet i form av både kraft og laks. Det er fantastisk.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=5066

Byrkjelo Kraft offisielt opna

Av Heidi Ravnestad, **12.11.07**

Gloppen: – Dette er eit heilt einestående prosjekt, som viser at det ikkje er nødvendig å trekke inn store selskap, det er nok med bønder som tør å satse, seier Otto Dyrkolbotn. I lag med Sigbjørn Baastad fekk han æra av å opne Byrkjelo Kraft, det største privateigde kraftverket i fylket.

Byrkjelo Kraft AS inviterte laurdag leverandørar, arbeidarar og eigarar til offisiell opning av kraftverket. Opninga starta med kakefest og synfaring på kraftverket, og vart avslutta med festmiddag på Skei Hotell.

Fryktar oppkjøp
Sigmund Baastad, pensjonert diplomingeniør med bakgrunn frå NVE og Otto Dyrkolbotn, jurist og kraftutbyggjar, har støtta opp om prosjektet på Byrkjelo heilt i frå starten. Dei er begge opptekne av at kraftverdiane og fallrettane skal vere igjen i bygdene, og er difor ivrige tilhengjarar av kraftutbygging i privat regi. – Byrkjelo Kraft AS skal ha all ære for at dei har våga å

bygge ut på eiga hand, og ikkje har enda opp som eit prosjekt styrt av dei store selskapa. Dei viser eit sjølvstende som er einestående, seier Dyrkolbotn.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=3981

Vil byggje tunnel frå Høylo til Seime for kraftproduksjon

Av Inger Haldis Aske Lothe, 12.09.08

Gloppen: Under namnet Breim Kraft går kring 30 grunneigarar saman om å planleggje eit felles kraftverk knytt til Storelva i Breim. Det heilt spesielle med dette prosjektet er at ein planlegg å byggje ein fjelltunnel som fører vatn frå Høylo til Seime.

Denne førebelse skissa viser kvar fjelltunnelen er tenkt bygd.

Det vart skipa til eit grunneigarmøte for å informere om utbyggingsplanane førre laurdag, og her vart det avgjort at ein går vidare med planane. Det er sett ned eit styre som skal greie ut om prosjektet er liv laga, og her er Per Jonny Moldestad leiar. Han har med seg Bernt Reed, Hans J. Førde og Dag Bjarte Gloppholm. I tillegg har dei fått med seg ein erfaren utbyggjar knytt til Byrkjelo Kraft, Atle Støyva.

– I starten såg vi på ei mindre utbygging av Storelva, men ho har vi gått over til å sjå på heile strekninga frå Høylo til Seime. Selskapet Multiconsult var til stades i mai i år, og dei har kome fram til at einaste alternativet er å byggje ein fjelltunnel. Det må då byggjast ein tunnel på 4,0 kilometer med inntak på Høylo og utgang på Seime, kanskje kring Seime bru. Det heile er litt diffust enno, seier Per Jonny Moldestad, men legg samtidig til at det ikkje er snakk om å leggje heile elva i røyr.

– Det vil bli sett krav om minstevassføring. Vi har mellom anna hatt biologar på plass, og dei hevdar at ein tunnel vil vere eit bra alternativ for elva. Det vil medføre ei jamnare vassføring i elva og ein jamnare temperatur, noko som vil føre til ei oppblomstring av livet på botnen og betre tilhøve for fisken, fortel han.

Om fjelltunnelen blir ein realitet, blir tverrsnittet på denne kring 20 kvadratmeter. Inngrepa blir ikkje synlege på overflata.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=4910

Småkraftprodusentane skipar omsetningsselskap

Av Jan Nik. Hansen, **04.04.08**

Gloppen: Åtte småkraftverk i Gloppen går saman og skipar Fjord Energi AS. Selskapet skal vere småkraftprodusentane sitt omsetningsselskap.

Olav Fuglestrand (t.v.) og Inge Bent Arnestad er styremedlemmer i det nyskipa selskapet. Dagleg leiar i Sandane Næringshage, Torunn

Torsdag kveld vart selskapet Fjord Energi AS etablert på Sandane. Bak etableringa står åtte småkraftverk frå heile Gloppen. Dei sit på 80 prosent av aksjekapitalen på 260.000 kroner. Sandane Næringshage har ti prosent av aksjane, medan resten er fordelte på fleire småaksjonærar.

Skarstad, har delteke i å realisere ideen om eit omsetningsselskap for småkraftprodusentane.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=4428